

FELLES SU MØTE FOR FJELLGARDANE OG BYKLE SKULE

REFERAT

STAD: BYKLE BARNE- OG UNGDOMSSKULE

Onsdag 01.06.2026 klokka 17.00 på personalrommet

Tilstades: Aleksander, Lill, Thor, Sigrun, Jørgine, Jens, Gitte, Ann Katrin, Kjetil, Kjeldrun, Christoffer, Ingebjørg og Lars Erik

Saksliste:

Sak 1/26 Referatsaker/orientering

Kjetil tok ein gjennomgang av SU og samansetning.

Sak 2/26 Høyringsnotat inntak vidaregåande skule Agder

Kort orientering om «nærskule matrisa» på Agder frå Kjetil. Det kan vere naturleg at Bykle og Valle er noko samstemte då det gjeld dei to kommunane.

SU skal kome med ei uttale til administrasjonen og det vil så kome ei politisk sak med ein tilråding frå kommunedirektøren.

Me skal svare ut dei to første spørsmåla.

- 1. Ønsker du/dere en endring av nærskulematrisen så elever fra Bykle og Valle blir en del av inntaksregion Indre Agder?*
- 2. Har du noen innspill til fordeler, eller ulemper med dette forslaget?*

Elevane ved Bykle skule har vore tydelege:

1. dei ynskjer å behalde dagens ordning
2. dei argumenterer det slik:
 - elevane kan velje skular med eit breitt fagleg tilbod
 - elevane kan velje i skular med eit breitt og stort elevmiljø
 - elevane kan flytte til stader der dei har eit større tilbod også på fritida

Det vart ein brei og god diskusjon i SU med mange gode argument. Gode argument om å behalde dagens ordning og gode for å endre:

Argument for å endre til inntaksregion indre Agder:

- styrke og behalde ein vidaregåande skule i Setesdal med eit breitt fagleg tilbod
- behalde arbeidsplassar lokalt i Setesdal
- styrke og behalde eit lokalt opplæringstilbod i Setesdal

- skal me ha vidaregåande opplæring i Setesdal må me støtte opp om dei tilboda som er

Argument for å behalde dagens løysing

- viktig at elevane går på ein skule dei ynskjer å vere på
- ein auka sjanse for fullføring om elevane kan gå på den skulen dei ynskjer å gå på
- mange elevar i øvre del av Setesdal har eit «nettverk» sør i Agder som gjer det naturleg å gå på skule utafor Indre Agder

Me hadde ein votering og det vart eit fleirtal for å behalde dagens løysing kor elevane frå Valle og Bykle får nærskulepoeng i heile Agder.

Sak 3/26 Skuleruta 27/28 og 28/29

Det er kome forslag på skulerute 27/28 og 28/29 frå Statsforvaltar.

RKG Oppvekst og utdanning, KS Agder og Statsforvaltaren i Agder har utarbeidd forslag til felles skulerute for grunnskular og vidaregåande skular for skuleåra 2027–2028 og 2028–2029. Skuleruta er koordinert slik at Agder har lik skulerute, i samsvar med tidlegare praksis.

Forslaget er utarbeidd med desse føresetnadene:

- Skuleruta ligg innanfor ei ytre ramme på 45 samanhengande veker og omfattar minst 38 skuleveker for elevane, jf. §§ 2-2 og 3-2 i opplæringslova.
- Kommunane/fylkeskommunen skal leggje til rette for planleggingsdagar og eventuelle kurs- og kompetanseutviklingsdagar.
- Haustferien er lagd til veke 40.
- Det er skulefri fredag i veke 45 i samband med etterutdanning (Sørlandske lærarstemne).
- Vinterferien er lagd til veke 8.
- Skuleåret for elevane vert avslutta før 24. juni.

SU har ingen merknader, eller endringsønske til forslaga.

Sak 4/26 Anna

Orientering om personalsituasjonen på skulane

- Bykle skule har alt klårt for skuleåret 26/27
- Fjellgardane skule treng ein lærar og ein rektor for skuleåret 26/27

Kollektiv kompetanseheving for personalet i skular og barnehagar

- Felles satsing for alle innafor oppvekst
- Satsinga vil vere knytt mot inkludering

Kort orientering om felles temakveld for føresette i Bykle kommune. Tema er ikkje heilt klart ennå.

Orientering om festivalen «helt konge». Torsdag 18.juni for elevar frå Hovden, Bykle og Valle.

Heilt på slutten kom det spørsmål og reglement for flaggheising i Bykle kommune. Kjetil finn ut av dette og legg det ved referat frå møte.

Bykle 01.06.2026
Lars Erik Domaas
sekretær